

Bok på 1-2-3

Til Panama, til Panama!

Av Janosch

Tverrfagleg undervisningsopplegg for 1.–4. trinn i norsk, naturfag og musikk, med tema mot og vennskap.

Tid: 90 minutt


Klassikarar i Bok på 1-2-3: Barnebokskaparen Janosch har gitt oss fantastiske, varme forteljingar med sjarmerande og fargeglade bilete. Desse forteljingane vil vi gjerne gi vidare til nye generasjonar i begynnaropplæringa.

Dette er forteljinga om då den vesle tigeren og den vesle bjørnen reiste til Panama. Den vesle bjørnen og den vesle tigeren er venner i tjukt og tynt. Og dei er ikkje redde for noko, for saman er dei vedunderleg sterke. Sterk som ein bjørn og sterk som ein tiger.

I huset sitt ved elva har dei det godt. Ein dag dreg dei av stad for å finne Panama, som er landet dei drøymmer om. På vegen opplever dei mykje rart. Men kvar er Panama? Reven, kua og musa – dei veit ingen ting om dette landet, berre kråka kan hjelpe dei på veg. Til slutt finn dei det dei leitar etter.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar. www.nb.no/items/d75e8a6ff1845baa633494f831104ab6?page=5
Med tilpassingar kan undervisninga vere i eit naturområde.
- Teikneserie: Teikne- og skrivesaker. De kan også velje å bruke nettbrett. Sjå tilleggsressursar for tips og andre malar.
- Ressursar for innlæring og utøving av vennskapssongen «Kom som du er», henta frå nynorsksenteret.no/kom



Formål

Norsk

- Utforske og formidle teksten gjennom samtale, leik, rørsl og andre kreative uttrykk.
- Hovudmål: skrivning.
- Sidemål 3. trinn: Utforske forskjellar og likskapar mellom skrivning på hovudmålet og sidemålet.

Naturfag

- Utforske eit naturområde og drøfte berekraftig bruk av området.
- Samtale om kva fysisk og psykisk helse er, og drøfte korleis livsstil og trivsel påverkar helse.

Musikk

- Utøve og utforske song og dans frå ulike musikkulturar.

1 Før lesing

(10 minutt)

Samtale

- Kva er ei biletbok? Det er ei bok der bilete og tekst skapar ei forteljing saman.
- Kva er ein klassikar? Omgrepet klassisk vert brukt om noko som har brei, anerkjent kvalitet over tid. Det kan vere ei biletbok som er veldig godt likt av både barn og vaksne i eit land eller ein verdsdel, også i møte med lesarar etter mange år. Bøkene om bjørnen og tigeren av Janosch er blitt klassikarar.

Læraren seier at no blir det spennande å lese forteljinga *Til Panama, til Panama!* Les med innleving, og ta små stopp innimellom. Det gir tid til at de kan dvele ved illustrasjonane eller den skriftlege teksten, og lesinga kan bli ei estetisk oppleving.

2 Lesing

(20 minutt)

Læraren les høgt, og de opplever boka saman. Ta dykk tid til augeblikka, og ver gjerne merksame på kor borna opplever høgdepunkt i lesinga.

Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa. Vit at alle kan lese nynorsk høgt, og at høgtlesinga er med på å bade elevane dine i nynorsk. Etter LK20 lærer eleven nynorsk som hovudmål frå 1. trinnet eller som sidemål frå 2. trinnet i opplæringa. Om du vil utvikle opplegget vidare, kan du ta vegar om ein meir performativ og leikbasert litteraturredidaktikk, i klasserommet eller ute. Det mest sentrale er tid og rom til å undre seg og at det vert lagt til rette for at elevane kan sette ord på kjensler som kjem fram.

3 Etter lesinga

(30 minutt)

Teksten og samtalen om boka øver opp dei etiske og estetiske refleksjonane til elevane. Læraren kan seie: Dette var ei eventyrleg bok! Ho fekk meg til å ville undre meg og utforske, aleine eller saman med ein god venn!

Samtale

- Kva er mot?
- Vert ein modigare saman med ein venn?
- Kva kan ein venn vere? Ein venn kan vere deg sjølv. Ein jamaldring, ein yngre eller eldre. Eit kjæledyr eller eit kosedyr. Eit tre. Ein robåt ...
- Kva er positivt med å oppdage nye ting, personar, dyr og stader?
- Korleis kan slike oppdagingar kjennast i kroppen?
- Kva farge har kjensla mot? Korleis ser den kjensla ut gjennom kroppen? Kva rørsle har motet? Kva lyd lagar motet? Kan desse kjenslene bli song og/eller dans?

3 Etter lesinga (framhald)

- Forklar omgrepa helse og trivsel: Kva tid kjenner du helse og trivsel? Kva tid kjenner du ikkje helse og trivsel?
- Bjørnen og den vesle tigreren kom eigentleg heim til seg sjølv. Kva tenkjer du om det?
- Bjørnen og den vesle tigreren utforskar og nyt miljøet dei lever i. Dette kan vi sette i samanheng med naturfaget. Har de høyrte om omgrepa berekraft og sporlaus ferdsel? Berekraft er å ta vare på behova til dei som lever no, og samstundes ikkje øydelegge for dei som skal leve i framtida. Sporlaus ferdsel handlar om at naturen skal vere like fin når vi forlét han, som då vi kom. Korleis kan vi best ta vare på naturen og området vi er i?

Med fantasien som venn: Teikne- og skriveoppgåve

Tilpass til gruppa og den einskilde eleven: Teikn/skriv ein teikneserie om ei reise du drøymmer om å gjere, eller ei reise du har gjort. Reisa kan gjerne vere i lokalmiljøet ditt. Fantasien viser vegen.

- 1 La elevane gå i ein sirkel i eit rom utan stolar og pultar, eller ute. Eleven får reflektere over spørsmåla under for seg sjølv, og ved å leike seg kroppsleg og ordlaust inn i svara. Du kan velje å gjere eit utval av spørsmåla. Øv elevane i å ikkje ta kontakt med kvarandre. Denne metoden kan krevje litt trening og at ein gjer han jamleg.

- Korleis er/var den reisa?
- Er staden du kjem til, langt eller kort frå heime?
- Kven er du saman med? Eit menneske? Eit dyr? Noko anna?
- Kva treng du å ha med på reisa?
- Korleis finn du fram på reisa?
- Kva ser, luktar, smakar og høyrer du på reisa?
- Korleis må du bevege deg på reisa? Raskt? Sakte? På to eller fire bein ...
- Kva et du/de på reisa?
- Kva klede brukar du på reisa?
- Ein treng ikkje gå langt frå heimen før det er mykje å oppdage og undre seg over. Kva finn du på reisa?
- Korleis møter du utfordringar på reisa? Dette kan vere uvêr, til dømes.
- Korleis kviler du deg og søv på reisa?
- Kva lærer du på reisa?
- Kva artige historier, songar og dansar får du oppleve på reisa?
- Korleis ser draumestaden din ut i verda?

Du kan også velje at elevane sit med ein læringspartnar, for seg sjølv, eller i gruppe. Då tek de i så fall føre dykk spørsmåla munnleg.

- 2 Teikneserie: Lag ein teikneserie om reisa di med utgangspunkt i spørsmåla de har vore gjennom. De gjer dykk flid med teikninga og skrivinga og øver på skriveretning og bokstavhøgder. De kan også velje å bruke eit nettbrett.

4 Aktivitet

(30 minutt)

Vi lærer «Kom som du er» steg for steg, med song og dans. Vi framfører. La gjerne songen og dansen vere ein del av skulekvardagen i gruppa.

Tilleggsressursar

Lån seks av forteljingane til Janosch gratis som lydbok:

<https://www.nlb.no/boker/barn/dyr/med-tigeren-og-bjornen-til-panama#>

Lær å lage teikneseriar

- https://nynorsksenteret.no/teikneseriar/lag_seriar.html
- <https://nynorsksenteret.no/teikneseriar/draumen.html>